



# Reglement

for fylkesutvalet i Møre og Romsdal



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# Innhald

I	Heimelsgrunnlag - arbeidsområde.....	3
II	Førebuing av sakene .....	3
III	Møte – innkalling – saksdokument .....	3
IV	Opne eller lukka møte - teieplikt.....	4
V	Møteplikt – vedtaksførheit – inhabilitet .....	4
VI	Andre deltagarar i møte .....	4
VII	Møteleiar – opning av møte .....	4
VIII	Behandling av saker – endring av sakliste .....	5
IX	Møteleiaren si utgreiing av sakene – rekjkjefølgja av talarane .....	5
X	Ordskifte og røystinga .....	5
XI	Spørsmål .....	5
XII	Sendenemnder (deputasjonar).....	5
XIII	Føring av møteboka .....	5

Fastsett i medhald av Lov om kommuner og fylkeskommuner av 22. juni 2018 § 5-13  
Vedteke av fylkestinget i Møre og Romsdal i møte 14. oktober 2019, sak T-66/19.

**I**  
**HEIMELSGRUNNLAG –**  
**ARBEIDSMØRÅDE**

- § 1** Fylkesutvalet er valt i medhald av kommunelova § 5-6. Fylkesutvalet skal ha 13 medlemar. Funksjonstida er fire år.
- § 2** Fylkesutvalet innstiller i alle saker som skal til fylkestinget (med unntak av saker frå kontrollutvalet til fylkestinget). Dette gjeld mellom anna i økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsmelding etter kommunelova § 14-3.  
Fylkesutvalet tek avgjerd i saker etter mynde delegert frå fylkestinget i enkeltsaker eller i delegeringsreglementet.

Fylkesutvalet kan vidaredelegere sitt mynde i saker som ikkje er prinsipielle til fylkesordføraren eller fylkeskommunedirektøren i den grad lov, forskrift eller vedtak av fylkestinget ikkje er til hinder for det, jf. kommunelova §§ 6-1 og 13-1.

Fylkesutvalet har mynde til å fatte vedtak i hastesaker etter kommunelova § 11-8.

**II**  
**FØREBUING AV SAKENE**

- § 3** Fylkeskommunedirektøren skal syte for at sakene som skal leggjast fram for fylkesutvalet er førebuide på forsvarleg måte og i samsvar med dei reglar som lov og andre bindande føresegner gjev.

**III**  
**MØTE - INNKALLING - SAKSDOKUMENT**

- § 4** Fylkesutvalet gjer vedtaka sine i møte som blir haldne etter møteplan vedteken av fylkesutvalet, når fylkesordføraren finn det nødvendig eller når minst 1/3 av fylkesutvalet sine medlemer krev det.

Møta skal kunngjerast jf. kommunelova § 11-3.

Når vilkåra etter kommunelova § 11-7 og § 11-8 er til stades, kan fylkesutvalet ta avgjerd ved

1. - fjernmøte
2. - skriftleg saksbehandling

Avgjerd om dette blir gjort av leiaren i kvart einskild høve.

**§ 5** Møteinnkalling med sakliste og saksdokument blir sendt til fylkesutvalet sine medlemer og varamedlemer minst ei veke før møtet.

Fylkesutvalet kan og ta saker som ikkje er nemnde i innkallinga opp til behandling når ikkje møteleiaren eller 1/3 av dei møtande sett seg imot det, jf. kommunelova § 11-3.

Saker som står på saklista, men der saksdokumenta ikkje har vore sendt ut saman med innkallinga, kan likevel avgjerast i møtet når ikkje møteleiar eller 1/3 av dei møtande sett seg imot det.

Møteinnkallinga og saksdokument blir samstundes lagt ut på fylkeskommunen sine nettsider. Dette gjeld likevel ikkje dokument som etter Lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd ikkje skal offentleggjerast.

#### **IV OPNE ELLER LUKKA MØTE - TEIEPLIKT**

**§ 6** Fylkesutvalet sine møte blir haldne for opne dører, jf kommunelova § 11-5.

Møtet skal etter kommunelova § 11-5 andre ledd lukkast når ei sak inneheld opplysningar som tilseier lovpalagt teieplikt. Teieplikta gjeld alle som er til stades i møtet, både folkevalde, offentlege tenestemenn og andre. Lovpalagt teieplikt kan berre falle bort dersom den som har krav på teieplikt, samtykker eller det er fastsett i lov.

Fylkesutvalet skal praktisere meiroffentlegheit, men kan etter kommunelova § 11-5 tredje ledd lukke møtet når tungtvegande offentlege interessert tilseier det eller når personvernomsyn krev det.

Vedtak i saker som er behandla for lukka dører er likevel offentlege når vedtaket ikkje inneheld opplysningar som er underlagt teieplikt.

#### **V MØTEPLIKT - VEDTAKSFØRHEIT – INHABILITET**

**§ 7** Føresegne i kap. V, §§ 8 – 10 i reglementet for fylkestinget gjeld på tilsvarende måte for fylkesutvalet, bortsett frå at forfallsmeldingar kan gjevast muntleg.

#### **VI ANDRE DELTAKARAR I MØTET**

**§ 8** Føresegne i kap. VI, § 11 i reglementet for fylkestinget gjeld på tilsvarende måte for fylkesutvalet.

#### **VII MØTELEIAR - OPNING AV MØTET**

- § 9** Føresegnene i kap VII, §§ 12 og 13 i reglementet for fylkestinget gjeld på tilsvarende måte for fylkesutvalet.

**VIII  
BEHANDLING AV SAKER – ENDRING AV  
SAKLISTE**

- § 10** Føresegnene i kap VIII, §§ 14 - 16 i reglementet for fylkestinget gjeld på tilsvarende måte for fylkesutvalet.

**IX  
MØTELEIAREN SI UTGREIING AV SAKENE  
REKKJEFØLGJA AV TALARANE**

- § 11** Føresegnene i kap IX, § 17 i reglementet for fylkestinget gjeld på tilsvarende måte for fylkesutvalet.

**X  
ORDSKIFTET OG RØYSTINGA**

- § 12** Om forhandlingane gjeld føresegnene i § 18, § 19 første ledd, § 20 andre ledd, § 21 og § 22 i reglementet for fylkestinget på tilsvarende måte for fylkesutvalet.

Om røysting gjeld føresegnene i § 23 og § 24 a og b i reglementet for fylkestinget på tilsvarende måte for fylkesutvalet.

**XI  
SPØRSMÅL**

- § 13**

Fylkesutvalsmedlemene kan rette førespurnader til fylkesordføraren, jf. kommune lova § 11-2 andre ledd. Skal spørsmålet danne utgangspunkt for realitetsvedtak, må framgangsmåten for oppføring av ny sak på saklista følgjast, jf. § 16 i reglementet for fylkestinget.F


**XII  
SENDEMENNDAR  
(DEPUTASJONAR)**

- § 14** Føresegnene i § 28 i reglementet for fylkestinget gjeld på tilsvarende måte for fylkesutvalet. Fylkesutvalet kan likevel ta imot utsendingane i møtesalen. Når utvalet har hørt kva utsendingane har å seie, svarar fylkesordføraren som han/ho har høve til. Kvar medlem av fylkesutvalet kan be fylkesordføraren stille utsendingane spørsmål om faktiske sider av saka, men noko ordskifte må ikkje finne stad medan høyringa av utsendingane finn stad.

**XIII  
FØRING AV MØTEBOKA**

- § 15** Det skal førast møtebok over forhandlingane i fylkesutvalet i samsvar med reglement fastsett av fylkestinget, jf. kommunelova § 11-4.

Møteboka skal som hovudregel leggjast fram til godkjenning til medlemene på slutten av møtet.

**Besøksadresse**

Møre og Romsdal fylkeskommune  
Julsundvegen 9  
6412 Molde

**Postadresse**

Møre og Romsdal fylkeskommune  
Postboks 2500  
6404 Molde

**Telefon:** 71 25 80 00**Mail:** [post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no)**Web:** [mrfylke.no](http://mrfylke.no)

Møre og Romsdal  
fylkeskommune